

Utan straum på Steinsletto i natt.

20.12.2014



Det var denne transformatoren som måtte skiftast.

Aldri kan eg hugsa å ha opplevd ein slik periode med lyn og torden som vi har hatt siste tida. I går kveld og i natt var det skikkeleg heise, og det resulterte ei at dei som bur på Steinsletto var utan straum frå ca.

kl.01 i natt til kl. 9.30 i føremiddag.

Det var ein transformator som står på oppsida av hovudvegen ved Eidsvik Skipsbyggeri som rauk i tordenveret. Kvinnherad Energi kom på plass med kranbil, og transformatoren vart skifta. Straumen var såleis tilbake kl. 9.30 no i føremiddag.

Det vert og meldt om at mange har hatt problem med at jordfeilbrytarane stadig har slått seg ut på grunn av veret.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland